

Psykologen og loven

Arne Olav L. Hageberg

Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet

Det siste året har Psykologforeningen jobba spesielt med å samla og leggja til rette relevant informasjon om juridiske spørsmål som vedkjem psykologar.



SKIFTAR BEITE: Ingunn Myklebust har det siste året vore tilsett i Psykologforeningen for å arbeida med helserett for psykologar. Foto: Åsa Maria Mikkelsen / kolonihaven.no

Prosjektet, som har fått namnet «Psykologen og loven», har mellom anna resultert i fire større artiklar om temaet i Tidsskriftet: «Psykologers delvise henvisningsrett» (5/2008), «Førerkort og psykologens meldeplikt» (8/2008), om psykologar sine ulike roller (10/2008) og «Faglig forsvarlig helsehjelp» (12/2008).

Ekstraløyving

Prosjektet har i hovudsak vore finansiert ved hjelp av ekstramidlar frå Helsedirektoratet. Løyvingane gjorde det mogleg å tilsetta juristen Ingunn Myklebust i ei prosjektstilling frå 1. mars i fjor til 31. januar i år.

- Det har vore kjempespanande og lærerikt å få lov til å bruka faget mitt med litt anna utgangspunkt, seier Myklebust, som no går tilbake til den gamle jobben sin som seniorrådgjevar i Helsedirektoratet.

- Målet for prosjektet er med utgangspunkt i helseretten å gjera psykologar bevisste på rettar og plikter og tydeleggjera forskjellige roller, fortel Myklebust.

Meir på veg

Responser på artikkelen om psykologar sine ulike roller - som behandlingsansvarleg, pasientansvarleg, journalansvarleg og informasjonsansvarleg - viser ifølgje juristen at det har vore behov for å informera. Og ho lovar fleire aktuelle artiklar i tida som kjem. Prosjektet med å informera psykologar om juridiske spørsmål er nemleg ikkje avslutta, sjølv om ekstraløyvingane er brukte opp.

- Christian Zimmermann og andre i Psykologforeningen kjem til å halda fram, fortel Myklebust, og nemner ein serie på fem artiklar om journalføring som i desse dagar blir lagt ut på www.psykologforeningen.no/pf/Fag-og-profesjon/For-fagutoeverer/Jus/Juridi...

- Alt vi har skrive til no, og det som kjem frametter, vil bli lagt ut på foreininga sine nettsider, seier ho. Noko vil òg koma på trykk i Tidsskriftet.

Ingunn Myklebust kan lova artiklar om så vel teieplikt i møte med pårørande som journalføring. Så, for alle som ikkje kjenner seg utlærde på helserett: Det er bare å følgja med.